

Framlegg til Skitinget 2022

Hordaland Skikrets og Sogn og Fjordane Skikrins

Innføring av funksjonstidsavgrensing

Bakgrunn:

I seinare tid har funksjonstida for tillitsvalde på høgt nivå i NSF endra seg. Medan både skipresidentar og komitéleiarar før OL på Lillehammer pleidde å sitja i 3 – 4 år, eventuelt ein periode til, er no regelen heller enn unntaket at dei sit mykje lenger. Kanskje for lenge, dersom ein legg organisasjons-synspunktet til grunn.

Dette – kombinert med at fleire av posisjonane har eit honorar som gjer det meir til jobb enn frivillig arbeid – gjer at det er behov for eit system for funksjonstidsavgrensing.

Det vert lagt til grunn at vervet som skipresident er eit valt verv og ikkje nødvendigvis er fulltids godtgjort, ref. evalueringsutvalets rapport, som tek opp i seg faren rundt samanblanding av roller mellom styret/president og den administrative leiinga. Honoraret bør reflektere at dette er eit verv.

Framlegg til vedtak:

- Presidenten, visepresidenten, styremedlemmer og dei sentrale komitéleiarane vert vald for 2 år, og kan veljast på nytt inntil 3 gonger(dvs. maks funksjonstid 8 år).
- Ingen kan ha meir enn 12 års total funksjonstid i styret. (medl./pres./visepres.). Dette gjeld også alle sentrale styre og komitéar.
- Valkomiteen skal ha 3 tingvalde medlemmer, der ein ny medlem normalt vert vald på kvart skiting. Dvs. ei total maks funksjonstid på 6 år. Det skal og veljast eit varamedlem til valkomiteen.
Valkomiteen skal og legge fram forslag til skitinget om honorar for president, visepresident og dei fritt valte medlemmane i skistyre. Dette skal vedtakast som eiga sak på tinget.